

**Kvartalsrapport
pr. 30.09.2018**

KVARTALSRAPPORT PR. 30.09.2018

Revisjon

Luster Sparebank sin rekneskap pr. 30.09.2018 er ikkje revidert.

Resultat

Banken har pr. 30.09.2018 oppnådd ein rentenetto på kr. 41,9 mill. Rentenettoen utgjer i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,60 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen kr. 41,0 mill. og i prosent av gfk 1,67 %. Rentenettoen i kroner har auka med kr 0,9 mill. siste året. Rentenettoen i prosent har gått ned med 0,07 %. Det er reduksjon i Luster Sparebank sine utlånsrenter som er den viktigaste forklaringa til nedgangen i rentenettoen. Årsaka til reduksjonen i utlånsrenter er konkurransen i marknaden. Luster Sparebank har plassert likviditetsbufferen i rentefond. Avkastninga på rentefond blir i rekneskapet klassifisert som utbytte. Dette bør ein vera klar over ved samanlikning av rentenettoen i Luster Sparebank med rentenettoen i andre bankar.

Netto andre driftsinntekter pr. 30.09.2018 er på kr 14,4 mill. og er med dette kr 0,3 mill. lågare enn på same tid i fjor.

Sum driftskostnader har auka med kr 1,8 mill. i forhold til same tidspunkt i fjor.

Personalkostnader har auka som følge av auke i årsverk og lønstillegg.

Administrasjonskostnader har auka som følge av auka It-kostnader, auka kurskostnader og auke i kortkostnader.

Driftsresultat før tap og netto vinst/tap anleggsaksjar er på kr 27,1 mill. som er kr 1,1 mill. dårlegare enn på same tidspunkt i fjor.

Tap på utlån og garantiar er kostnadsført med kr 2,9 mill. På same tidspunkt i fjor var tap berekna til kr 3,3 mill. Luster Sparebank har realisert ein vinst ved sal av aksjar i DNB på kr 2,1 mill. og ein vinst på kr 1,5 mill. i samband med fusjonen mellom Bankaxept AS, Bankid AS og Vipps AS. Dette gir samla aksjevinstar på kr 3,6 mill. som er inntektsført i rekneskapen pr. 30.09.2018.

Etter skatt blir resultatet for perioden kr 20,8 mill. mot kr 18,8 mill. på same tidspunkt i fjor. Vinst på aksjar og høgare rentenetto i kroner veg opp for høgare driftskostnader samanlikna med fjoråret.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.09.2018 er på kr 3.585,7 mill. Veksten siste året er på kr 227,2 mill. (6,8 %). Forretningskapitalen som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 30.09.2018 på kr 4.182,5 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 303,9 mill. eller 7,8 %.

Utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 2.988,8 mill. Veksten siste året er på kr 223,4 mill. eller 8,1 %. Utanfor balansen har banken pr. 30.09.2018 overført kr 596,8 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 520,1 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed siste året auka med kr 300,1 mill. eller 9,1 %. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.09.18 var fordelt med 25,4 % på næring og 74,6 % på personmarknad og offentleg sektor. På same tidspunkt i fjor var fordelinga 24,2 % på næring og 75,8 % på personmarknad og offentleg sektor.

Innskot frå kundar er bokført med kr 2.510,5 mill. Veksten siste året er på kr 49,6 mill. eller 2,01 %.

Banken har langsiktig lånt inn kr 180 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har teke opp obligasjonslån for kr 400,0 mill. Låneavtalane har restløpetid på mellom 7 månader og 3 år og 8 månader. Banken si innskotsdekning er 84,0 %. I dette nøkkeltalet er lån overført til bustadkredittselskap halde utanfor.

Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette utlån utgjer kr 32,7 mill. kr. pr. 30.09.2018. Dette er ein reduksjon på kr 5,2 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har auka med 0,5 mill. kr samanlikna med same tidspunkt i fjor. Både nedskrivning på grupper og nedskrivning på enkeltengasjement syner svak auke.

Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har ikkje endra kredittrisikoprofil så langt i 2018.

Kapitaldekning

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko. Pr 30.09.2018 har banken ein netto ansvarleg kapital på kr 387,6 mill. Heile banken sin netto ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.018,3 mill. gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 19,2 %.

Perioderesultatet så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapen ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 30.09.2018 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 20,23 %.

Frå og med 01.01.2018 skal eigarpostar på under 10 % i samarbeidande grupper inn i banken sin konsoliderte kapitaldekning. Luster Sparebank har eigarandelar i Verd Boligkreditt AS (6 %) og Brage Finans AS (1,35 %) og desse må konsolideras. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 18,45 %, ei kjernekapitaldekning på 18,66 % og ei kapitaldekning på 18,95 %.

Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank sitt resultat er godt. Likviditeten er god. Banken har god kapitaldekning. Utlånsveksten inkludert lån overført til Verd Boligkreditt AS for dei første ni månadane av 2018 er på 5,4 %. Styret er tilfreds med utviklinga dei første 3 kvartala av 2018.

Gaupne, 19.10.2018

I styret for Luster Sparebank


Bjarne Venjum
styreleiar


Ove Nylund


John Geir Sperle


Anette Stegegjerdet Norberg


Inge Teigen


Oddstein Haugen
banksjef

RESULTATREKNESKAP

(Tal i heile 1.000)

	30.09.18	30.09.17	3. kvartal 2018	3. kvartal 2017	31.12.17
Renteinntekter og liknande inntekter	69.375	66.433	23.919	21.974	88.676
Rentekostnader og liknande kostnader	27.472	25.435	9.198	8.570	33.566
Netto rente og provisjonsinntekter	41.903	40.998	14.721	13.404	55.110
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	6.015	5.901	1.211	872	7.534
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	8.479	8.611	3.291	3.178	12.756
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-1.294	-998	-722	-396	-1.338
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	317	217	125	-22	362
Andre driftsinntekter	876	947	275	318	1.262
Netto andre driftsinntekter	14.393	14.678	4.180	3.950	20.576
Personalkostnader	14.135	13.227	3.912	3.590	19.410
Administrasjonskostnader	10.889	9.121	3.623	2.929	12.013
Ordinære avskrivningar	1.216	1.949	405	650	1.561
Andre driftskostnader	2.922	3.098	775	829	3.598
Sum driftskostnader	29.162	27.395	8.715	7.998	36.582
Driftsresultat før tap og netto vinst/tap anleggsaksjar	27.134	28.281	10.186	9.356	39.104
Tap på utlån, garantiar m.v.	2.942	3.273	1.091	736	2.314
Netto vinst/tap anleggsaksjar	-3.586	0	0	0	-4.902
Resultat av ordinær drift før skatt	27.778	25.008	9.095	8.620	41.692
Skatt på ordinær resultat	6.945	6.252	2.274	2.155	8.844
Resultat av ordinær etter skatt	20.833	18.756	6.821	6.465	32.848

BALANSE

(Tal i heile 1.000)

EIGENDELER	30.09.18	30.09.17	31.12.17
Kontantar og fordringar på Norges Bank	49.300	49.637	69.200
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	139.109	115.803	136.805
- Utlån til og fordringar på kundar	2.988.805	2.765.335	2.826.475
- nedskrivingar på individuelle utlån	-6.372	-6.146	-4.150
- Nedskrivingar på grupper av utlån	-18.150	-17.900	-18.300
Sum netto utlån til og fordringar på kundar	2.964.283	2.741.289	2.804.025
Overtekne eigendeler	308		
Sertifikater, obligasjonar og andre rentebærande verdipapir	22.943	20.182	20.143
Aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning	365.151	391.041	348.026
Utsett skattefordel	5.488	4.943	5.488
Varige driftsmidlar	5.520	5.514	6.291
Andre eigendeler	1.437	350	20.169
Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter	32.210	29.769	8.246
SUM EIGENDELER	3.585.749	3.358.528	3.418.393
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Gjeld til kredittinstitusjonar	180.000	110.000	180.000
Innskot frå og gjeld til kundar	2.510.520	2.460.937	2.450.698
Gjeld stifta ved å utstede verdipapir	400.028	319.913	319.987
Anna gjeld	7.086	11.281	15.684
Påløpte kostnader og mottekne ikkje opptjente inntekter	23.467	24.943	8.207
Avsetning for påløpte kostnader og forplikingar	14.305	13.037	14.307
Sum gjeld	3.135.406	2.940.111	2.988.883
Sparebankens fond	410.810	382.761	410.810
Gåvefond	18.700	16.900	18.700
Udisponert overskot	20.833	18.756	0
Sum eigenkapital	450.343	418.417	429.510
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	3.585.749	3.358.528	3.418.393
Garantiansvar	41.400	33.179	41.733
Pantsetjingar	50.665	15.000	50.665
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	596.760	520.120	576.881
Gjennomsnitleg forvaltningskapital	3.502.071	3.300.237	3.330.170

RESULTATANALYSE

(i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital)	30.09.18	30.09.17	31.12.17
Renteinntekter og liknande inntekter	2,65 %	2,70 %	2,66 %
Rentekostnader og liknande kostnader	1,05 %	1,03 %	1,01 %
Netto rente og provisjonsinntekter	1,60 %	1,67 %	1,65 %
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0,23 %	0,24 %	0,23 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,32 %	0,35 %	0,38 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,05 %	-0,04 %	-0,04 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	0,01 %	0,01 %	0,01 %
Andre driftsinntekter	0,03 %	0,04 %	0,04 %
Netto andre driftsinntekter	0,55 %	0,60 %	0,62 %
Personalkostnader	0,54 %	0,54 %	0,58 %
Administrasjonskostnader	0,42 %	0,37 %	0,36 %
Ordinære avskrivningar	0,05 %	0,08 %	0,05 %
Andre driftskostnader	0,11 %	0,13 %	0,11 %
Sum driftskostnader	1,11 %	1,11 %	1,10 %
Driftsresultat før tap og skatt	1,04 %	1,15 %	1,17 %
Tap på utlån, garantiar m.v.	0,11 %	0,13 %	0,07 %
Netto tap/vinst anleggsaksjar	-0,14 %	0,00 %	-0,15 %
Resultat av ordinær drift før skatt	1,06 %	1,02 %	1,25 %
Skatt på ordinært resultat	0,27 %	0,25 %	0,27 %
Resultat av ordinær etter skatt	0,80 %	0,76 %	0,99 %

REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskap for 3. kvartal 2018 er sett opp i samsvar med rekneskapslov av 1998, god rekneskapskikk og forskrift om årsrekneskap for bankar. Rekneskap for 3. kvartal er ikkje revidert.

TAP, TAPSNEDSKRIVINGAR OG MISLEGHALD

(tal i heile kr 1.000)	30.09.18	30.09.17	31.12.17
Tap på utlån og garantiar			
Endring individuelle nedskrivningar inkludert amortisering	2.726	1.175	-750
Endring i nedskrivning på grupper av lån	-150	300	700
Konstaterte tap i perioden med tidlegare nedskrivning	92	367	934
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare nedskrivning	548	1.502	1.413
Inngang på tidligare konstaterte tap	-274	-71	-109
Netto kostnadsført vedk. tap på utlån	2.942	3.273	2.188
Endring i individuelle tapsnedskrivningar på garantiar	0	0	126
Tap på utlån, garantiar m.v.	2.942	3.273	2.314

Misleghaldne engasjement

Brutto misleghaldne engasjement over 90 dagar	32.650	30.795	28.557
- individuelle tapsnedskrivningar	-6.372	-5.144	-3.440
Netto misleghaldne engasjement	26.278	25.651	25.117

Tapsutsette engasjement

Brutto tapsutsette engasjement	0	7.101	3.540
- individuelle tapsnedskrivningar	0	-1.002	-710
Netto tapsutsette engasjement	0	6.099	2.830

ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV

(tal i heile kr 1.000)	30.09.18	30.09.17	31.12.17
Sparebankenes fond	410.810	382.761	410.810
Gåvefond	18.700	16.900	18.700
-Frådrag	-41.904	-23.757	-25.364
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	387.606	375.904	404.146

Engasjementskategoriar (vekta beløp)

Statar og sentralbankar	0	0	0
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)	4.423	17.340	4.691
Offentleg eigde foretak	1.816	1.873	15.577
Institusjonar	33.424	22.212	26.617
Foretak	116.009	99.608	107.338
Engasjement med pantetrygd i eigedom	1.531.529	1.403.601	1.435.038
Forfalte engasjementer	34.066	42.930	45.067
Obligasjonar med fortrinnsrett	8.998	8.887	8.889
Andeler i verdipapirfond	40.176	55.328	38.685
Eigenkapitalposisjonar	83.003	76.771	77.250
Øvrige engasjement	27.708	47.218	44.756
Berekningsgrunnlag kredittrisiko	1.881.152	1.775.768	1.803.908

Berekningsgrunnlag operasjonell risiko	137.181	132.834	137.180
Sum berekningsgrunnlag	2.018.333	1.908.602	1.941.088
Kapitaldekning			
Rein kjernekapital i % av sum berekningsgrunnlag	19,20 %	19,70 %	20,82 %
Krav til kapital			
Minimumskrav til ansvarleg kapital 8 % av sum berekningsgrunnlag	161.467	152.688	155.287
Ansvarleg kapital	387.606	375.904	404.146
Overskot av ansvarleg kapital	226.139	223.216	248.859
Herav rein kjernekapital som kan dekke bufferkrav	226.139	223.216	248.859
Bufferkrav			
Bevaringsbuffer 2,5 %	50.458	47.715	48.527
Systemrisikobuffer 3 %	60.550	57.258	58.233
Motsyklisk buffer 2 %	30.275	28.629	38.822
Sum bufferkrav	141.283	133.602	145.582
Overskot rein kjernekapital	84.856	89.614	103.277

KONSOLIDERT KAPITALDEKNING

Frå og med 1.1.2018 skal eigarpostar på under 10 % i samarbeidande grupper konsolideras inn i kapitaldekningsberekning. Luster Sparebank eig 6,6 % i Verd Boligkreditt AS og 1,35 % i Brage Finans AS og dette blir teke med i Luster Sparebank si konsoliderte kapitaldekning.

30.09.18

Konsolidert rein kjernekapitaldekning i %	18,45 %
Konsolidert kjernekapital dekning i %	18,66 %
Konsolidert kapitaldekning i %	18,95 %

UVEKTA KJERNEKAPITALANDEL

30.09.18

Uvekta kjernekapitalandel	10,43 %
Konsolidert uvekta kjernekapitalandel	9,63 %

LIKVIDITET

	30.09.18	30.09.17	31.12.17
Liquidity Coverage Ratio (LCR)	136,0 %	117,0 %	113,0 %